

Leksepolitikk i Kvam



Lekseforskaren Cooper m.fl. (2006) definerer lekser som oppgaver elevane er pålagt å gjera utanom sjølve skuletida.

Bakgrunn

- Aktuelt tema; elevar i prosjekt Juniorforskaren, føresette eller politikarar har etterspurd vurdering av leksefri skule.
- ikkje ei konkret bestilling til skuleiagar, men skuleeigar vurderer at det er trong for ei klargjering, slik at me har ein felles praksis i Kvammaskulen.
- Leksefri skule med utviding av skuledag er også eit økonomisk spørsmål som me ikkje ser me har ramma til å gjennomføra slik stoda er for Kvammaskulen no. Difor har me ikkje vurdert det no.



Involvering

- Lærarane – med spørjeskjema
- Elevråd frå alle skulane – med spørjeskjema
- Føresette ved at representantar frå FAU ved alle skulane var med på Teams-møte der felles leksepolitikk i Kvam var tema

Brukte udir sin nettstad; *hva sier forskning om lekser* -
<https://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/rapporter/hva-sier-forskningen-om-lekser/>



Føremålet med lekser:

Elevene skal:

- oppleve meistring
- øva seg opp i og tileigna seg kunnskapar og dugleikar
- øva på og læra seg å
 - planlegga og organisera tida
 - utvikla gode arbeidsvaner
 - ha sjølvdisiplin
 - vita korleis dei best lærer - bruka læringsstrategiar
- Bidra til et tettare band mellom skule og heim



Prinsipp for å gi lekser:

- Lekser skal vera elevane sitt sjølvstendige arbeid, men det er og ein arena for føresette å visa interesse for kva elevane arbeider med på skulen.
- Eleven skal kunna gjera leksene sjølv utan omfattande hjelp frå foreldre. Unntaket er lesetreninga på 1.-4. trinn, der det er til god hjelp at føresette trener på lesing med sine barn.
- Lekser skal alltid ha eit læremål.
- Elevane skal møte kjend stoff i lekser når dei skal løysa oppgåver.
- Lekser bør freista vekka interesse og vera slik at elevane forstår kva dei skal gjera.
- Elevane skal kunna sjå samanheng mellom leksene og det dei gjer på skulen.
- Å involvera elevane bidreg til betre læring og er avgjerande for motivasjon og lærelyst. Det bør vera dialog om kva lekser som er nyttige for dei, kordan leksene skal gjerast og kordan elevane kan visa kva dei har lært.
- Lekser må tilpassast til elevane sine føresetnader, og det må vera ein open dialog mellom lærer, elev og føresette om tid, form og innhald.
- Lærarane må saman planleggja prøvar og innleveringar ved utarbeiding av lekseplanar.
- Eleven bør i stor grad vera med å vurdere eige arbeid.
- Lærar skal følgja opp leksene som vert gitt; skriftleg eller munnleg, individuelt eller i fellesskap, gjerne med framovermelding til elevane.



Tid til lekser:


Når det gjeld tid det er rimeleg å bruka til lekser, var det bra samsvar mellom svara me fekk frå elevar, føresette og lærarar. Det kan sjølvstakt variera kor lang tid leksene tek kvar dag, men lærar skal planleggja leksene ut i frå følgjande:

- 1. – 4. trinn: 15 – 30 minutt pr. dag
- 5. – 7. trinn: 30 – 45 minutt pr. dag
- 8. – 10. trinn: 45 – 60 minutt pr. dag




5.-7. trinn Ung data- resultat 2024

Omtrent kor lang tid bruker du på lekser og anna skularbeid i løpet av ein vanleg dag?



Tidstrend 5.-7. trinn


Prosentdel som bruker ein halv time eller meir på lekser og anna skulearbeid ein vanleg dag. I Kvam kommune på ulike tidspunkt



Ungdomsskule Ung data- resultat 2024



Kor lang tid bruker du i gjennomsnitt per dag på lekser og anna skulearbeid utanom skuletida? Kvam kommune og nasjonalt



Tidstrend ungdomsskule

Tidstrend i Kvam kommune.

Prosentdel av elevane på ungdomstrinnet som bruker minst éin time kvar dag på lekser og anna skularbeid utanom skuletida

